Fyresdal kommune

Møteprotokoll

Utval: **Hovudutval for plan og miljø**
Møtestad: Hamaren, Næringshagen
Dato: 03.09.2019
Tid: 08:30-11:30

Fylgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Nils Vidar Pettersen	Leiar	AP
Øyvind Kile	Nestleder	AP
Elise Lauvrak	Medlem	AP
Thor Inge Levang	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerer
Guro Blessum Libjå	Medlem	SP

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Janne Lunden Teksle	Guro Blessum Libjå	SP

Fylgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
John Kjell Lien	Avdelingsleiar

Saker til handsaming:(sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)
26/19 – 35/19

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

Nils Vidar Pettersen
utvalsleiar

Marit N. Dale
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:

Une Marit Aarbakk Tangen
Konstituert rådmann

PS 26/19 Referatsaker

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Det var synfaring til Tøddebakkane høgdebasseng.

Ekstra sak/orientering i møtet:
Elise Lauvrak orienterte om organisering av feietenesta i Vest-Telemark Brannvesen IKS frå 01.01.2020.

Elise Lauvrak er varamedlem til styret i Vest-Telemark Brannvesen IKS.

RS 116/19 Orientering frå administrasjonen

RS 117/19 Mindre endring av reguleringsplan, Husstøyl 47/1

RS 118/19 Svar på søknad om utsleppsløyve - Ångåsnuten 25/92, tomt 5

RS 119/19 Libjåvegen 168 10/3 - tilbygg våningshus

RS 120/19 Svar på søknad om dispensasjon frå renovasjons- og slamtømingsordninga - Fyresdalsvegen 2215 36/12

RS 121/19 Løyve til deling - Soliåsen syd 17/118

RS 122/19 Birte gnr/bnr 16/168 - Søknad om garasje

RS 123/19 Utsikten, gnr/bnr 74/9- søknad om bu/uthus

RS 124/19 Haasum 52/17 - bustadhus

RS 125/19 Rekvisisjon av oppmplingsforretning - Birtedalsvegen 2577 17/1

RS 126/19 Søknad om utsleppsløyve - Haasum 52/17, tomt 15

RS 127/19 Søknad om utsleppsløyve - 26/39 og 26/91

RS 128/19 Soliåsen syd 17/149, tomt 1 - fritidsbustad

RS 129/19 Norheim gnr/bnr 5/11 - riving av uthus

RS 130/19 Kviptevegen 312 18/1 - driftsbygning (sylvsmie)

RS 131/19 Skåltjønn 66/13 - driftsbygning (lager/garasje)

RS 132/19 Svar på søknad om bygging av landbruksveg vkl VIII, Brokke 41/1

RS 133/19 Svar på søknad om løyve til å lande med helikopter i perioden 15. september - 1. desember 2019, NIVA

RS 134/19 Innløysing av festetomt - Ånerud gbnr 37/1/12

RS 135/19 Frikjøp av hyttetomt - gbnr 25/50

RS 136/19 Innløysing av festetomt - Solheim gbnr 37/1/14

RS 137/19 Svar på søknad om rehabillitering av pipe - Momraksvegen 47 28/3

RS 138/19 Husstøyolsen 47/34 - fritidsbustad, anneks og uthus

PS 27/19 Klage på avslag om dekking av vedlikehaldsutgifter

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune kan ikkje betale for rekningar på arbeid/ leveransar som privatpersonar på eige initiativ har bestilt eller utført på kommunale eigedomar og vegar. Krav i ettertid for eige initiera arbeid/ leveransar av privatpersonar utan bestilling frå Fyresdal kommune må avvisas. Klaga frå Norvald Vik blir ikkje teke til fylgje og kravet avvisas.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Fyresdal kommune kan ikkje betale for rekningar på arbeid/ leveransar som privatpersonar på eige initiativ har bestilt eller utført på kommunale eigedomar og vegar. Krav i ettertid for eige initiera arbeid/ leveransar av privatpersonar utan bestilling frå Fyresdal kommune må avvisas. Klaga frå Norvald Vik blir ikkje teke til fylgje og kravet avvisas.

PS 28/19 Søknad om å nytte ATV for transport av materialar, samt persontransport til Sandvasshytta på g.br.nr. 26/8

Fyresdal **k**ommune har ei streng haldning til motorisert ferdsel på barmark, og har ingen praksis for å gje løyve til eit stort tal turar over fleire år. Transportbehovet skal i ei kvar sak vurderast mot moglege skader og ulemper, sett i høve til eit mål om å redusere motorferdselen til eit minimum. I saka er det gjort vurdering av bl.a. verknader motorferdselen vil ha når det gjeld spor i terrenget, støy og forureining, sett i høve til kor sårbart området er. Vidare er konfliktar som kan oppstå i høve andre interessegrupper og naturmiljø vurdert. Ein rår til at Vik gjennomfører materialtransporten vinterstid, då familien allereie har gyldig løyve til denne type transport.

Søkjars funksjonshemming er lagt til grunn for vurdering om det føreligg "særleg behov" og om løyvet skal innvilgast, målt opp mot nemnte ulemper. Samtlege moment er lagt til grunn for vurderinga, og sakshandsamar meiner ein på bakgrunn av dette bør avslå søknaden frå Rolf Arne Vik om løyve til å nytte Argo for persontransport til hytta.

Innstilling frå rådmannen:

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) får Rolf Arne Vik avslag på sin søknad om å nytte Argo 6x6 (ATV) for persontransport til hytta ved Sandvatn på g.br.nr. 26/8. Avslaget grunngjevast i søkjars behov målt opp mot dei skader og ulemper transporten vil ha for naturmiljø og friluftsliv i området.
Rolf Arne Vik får og avslag på sin søknad om å nytte same køyretøy til å transportere materialar og utstyr til hytta ved Sandvatn. Avslaget grunngjevast med at Fyresdal kommune handhevar køyring på barmark svært strengt, og meiner materialtransport greit kan gjennomførast vinterstid, med allereie gyldig løyve.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Med heimel i Forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) får Rolf Arne Vik avslag på sin søknad om å nytte Argo 6x6

(ATV) for persontransport til hytta ved Sandvatn på g.br.nr. 26/8. Avslaget grunngjevast i søkjars behov målt opp mot dei skader og ulemper transporten vil ha for naturmiljø og friluftsliv i området.
Rolf Arne Vik får og avslag på sin søknad om å nytte same køyretøy til å transportere materialar og utstyr til hytta ved Sandvatn. Avslaget grunngjevast med at Fyresdal kommune handhevar køyring på barmark svært strengt, og meiner materialtransport greit kan gjennomførast vinterstid, med allereie gyldig løyve.

PS 29/19 Svar på søknad om konsesjon - 36/4

Innstilling frå rådmannen:

Av familiære årsaker gjev Hovudutval for plan og miljø Roy Helge Vadlid midlertidig utsetjing på buplikta som omsøkt og han får behalde heimelen til Vadli 36/4. Konsesjonen vert gjeve på vilkår av at han flytter til garden innan 01.07.2023 og bur der samanhengande i minimum 5 år. Det er ein føresetnad at våningshuset vert sett istand som heilårsbustad i fritaksperioden.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Nytt forslag frå Senterpartiet v/ Thor Inge Levang:
Innstilling sin frå rådmannen, men utsettinga blir til 1. august 2020.
Dette på grunn av misleghald av buplikta i snart 2 år.

Ved avstemming blei nytt forslag samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Av familiære årsaker gjev Hovudutval for plan og miljø Roy Helge Vadlid midlertidig utsetjing på buplikta som omsøkt og han får behalde heimelen til Vadli 36/4. Konsesjonen vert gjeve på vilkår av at han flytter til garden innan 01.08.2020 og bur der samanhengande i minimum 5 år. Det er ein føresetnad at våningshuset vert sett istand som heilårsbustad i fritaksperioden.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

PS 30/19 Lokal forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn

Innstilling frå rådmannen:

Plan- og miljøutvalet vedtek at framlegg til Forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande for Fyresdal kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre.
Forskrifta er utarbeidd med heimel i §12-6 i Forurensingsforskrifta (Forskrift nr. 931 av 1. juni 2004)

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Plan- og miljøutvalet vedtek at framlegg til Forskrift for utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande for Fyresdal kommune vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre.
Forskrifta er utarbeidd med heimel i §12-6 i Forurensingsforskrifta (Forskrift nr. 931 av 1. juni 2004)

PS 31/19 Svar på søknad om konsesjon - Momrak 28/3

Innstilling frå rådmannen:

Hovudutval for plan og miljø gjev Kjetil Kiland Haakenstad midlertidig fritak frå buplikta som omsøkt og han kan behalde heimelen til Momrak 28/3. Dette grunngjevast med at familien skal pusse opp våningshuset og ordne seg jobb i distriktet. Konsesjonen vert gjeve på vilkår av at han flytter til garden innan 01.08.2021 og bur der samanhengande i minimum 5 år.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Nytt forslag frå Senterpartiet v/ Thor Inge Levang:
Innstilling som frå rådmannen, men utsettinga blir til 1. august 2020.
Dette er på grunn av misleghald av buplikt i snart 2 år.

Ved avstemming blei nytt forslag samrøystes vedteke.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Hovudutval for plan og miljø gjev Kjetil Kiland Haakenstad midlertidig fritak frå buplikta som omsøkt og han kan behalde heimelen til Momrak 28/3. Dette grunngjevast med at familien skal pusse opp våningshuset og ordne seg jobb i distriktet. Konsesjonen vert gjeve på vilkår av at han flytter til garden innan 01.08.2020 og bur der samanhengande i minimum 5 år.

Vedtaket er gjort etter heimel i konsesjonslova §9 og 11 av 28.nov 2003 delegasjon frå Landbruks- og matdepartementet til kommunane og delegasjon frå Fyresdal kommune.

PS 32/19 Detaljlregulering for Nedre Griddalen/Sundodden hyttefelt, del av 17/1 og 6

Innstilling frå rådmannen:

I medhald av plan- og bygningslova §12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Nedre Griddalen Sundodden, del av gnr/bnr 17/1 og 6 lagt ut til offentleg ettersyn

Dei 8 hyttene som ligg utanfor plangrenseframlegget, men ligg naturleg til planområdet, må takast med i planen.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Elise Lauvrak stilte spørsmål om ho var ugild i saka på grunn av slektskap.
PM-utvalet vurderte henne som ugild i saka.

Resten av medlemmen i PM-utvalet stemde fylgjande:
Samrøystes i samsvar med innstilling frå styret.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

I medhald av plan- og bygningslova §12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Nedre Griddalen Sundodden, del av gnr/bnr 17/1 og 6 lagt ut til offentleg ettersyn
Dei 8 hyttene som ligg utanfor plangrenseframlegget, men ligg naturleg til planområdet, må takast med i planen.

PS 33/19 Høring NVE sitt framlegg til nasjonal ramme for vindkraft på land

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er negativ til utbygging av vindkraft i viktige områder for villrein og vil ha området Våmur-Roan ekskludert frå utbygging av vindkraft. Det er her i tillegg viktige landskaps- natur og friluftsområder.
Det same gjeld området i Fyresdal kommunen ved Steinsvatn då dette området ligg inne i Heiplanen og er vurdert å ha vesentlege natur- og friluftsinteresser.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Fyresdal kommune er negativ til utbygging av vindkraft i viktige områder for villrein og vil ha området Våmur-Roan ekskludert frå utbygging av vindkraft. Det er her i tillegg viktige landskaps- natur og friluftsområder.
Det same gjeld området i Fyresdal kommunen ved Steinsvatn då dette området ligg inne i Heiplanen og er vurdert å ha vesentlege natur- og friluftsinteresser.

PS 34/19 Reguleringsplan Roskoglia hyttefelt gbnr 16/13

Innstilling frå rådmannen:

I medhald av plan- og bygningslova §12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Roskoglia, del av gnr/bnr 16/13, lagt ut til offentleg ettersyn.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

I medhald av plan- og bygningslova §12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Roskoglia, del av gnr/bnr 16/13, lagt ut til offentleg ettersyn.

PS 35/19 Berge 19/24 - tomter til fritidsbustad

Innstilling frå rådmannen:

Med heimel i plan- og bygningslova §11-6 rettsvirkning av kommuneplanen sin arealdel, vert det stadfesta at det kan byggast fritidsbustader på dei to tomtene, gnr/bnr 19/23 og 19/24. Byggeløyve må handsamast som eigen sak.

Handsaming i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen.

Vedtak i Hovudutval for plan og miljø - 03.09.2019

Med heimel i plan- og bygningslova §11-6 rettsvirkning av kommuneplanen sin arealdel, vert det stadfesta at det kan byggast fritidsbustader på dei to tomtene, gnr/bnr 19/23 og 19/24. Byggeløyve må handsamast som eigen sak.